



Prosjektstyring vest
Pb 66
5318 STRUSSHAMN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4301 - 16/1745

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
31.01.2016

Godkjenning - GBNR 22/251 - Løyve til endring av tiltak - Oppføring av skur/garasje

Administrativt vedtak. Saknr: 30/2016

Tiltakshavar: Morten Landmark
Ansvarleg søkjar: Prosjektstyring Vest AS
Søknadstype: Søknad om løyve til endring av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Ved søknad med vedlegg journalført motteke 12.1.2016 har Prosjektstyring Vest AS søkt om løyve etter pbl § 20-1 for endring av gitt for planering og oppføring av containerrigg til lagerbruk på del av gbnr 22/251 i Meland kommune. Omsøkt endring inneber at 4 containerar vert fjerna og at det i staden vert oppført skur/garasje same sted. Tiltaket er nærare skildra gjennom situasjonsplan og plan- og fasadeteikningar vedlagt søknaden. Administrasjonen viser til denne dokumentasjonen.

Vidare viser vedlagt situasjonsplan snuhammar for lastebil aust på eigedomen. Dette er i samsvar med Meland kommune sitt omgjeringsvedtak i sak 15/82, DS-159/2015.

For nærare opplysningar om tiltaket elles vert det vist til løyvet gitt i sak 14/4301, DS-40/2015. Dette vedtaket gjeld for tiltaket om ikkje anna går fram av vedtaket nedanfor.

VURDERING:

Nabovarsling og privatrettslege tilhøve:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Naboeigedomane har samtykka i tiltaket og det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr 22/233 om plassering 2,1 meter frå nabogrense som omsøkt.

Lov- og plangrunnlag:

Omsøkt del av gbnr 22/218 er i Detaljregulering for næringsområde Mjåtveit – Dalstø (arealplanid 125620120001) regulert til føremålet «Næring/industri/lager». Endringane er i samsvar med reguleringsføremålet for eigedomen og krev ikkje dispensasjon.

Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan journalført motteke 12.1.2016. Plassering som omsøkt 2,1 meter frå nabogrense vert godkjent i medhald av pbl § 29-4, 3. ledd, bokstav (a).

Planløyising, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 12.1.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 – 29-3.

Ansvarsrettar:

Følgjande ansvarsrett gjeld for tiltaket, jf erklæring om ansvarsrett signert 11.1.2016:

Føretak:	Godkjenningsområde for ansvar:
Milco AS Org.nr 912 412 784	PRO, Oppføring av bygg, (tkl 1) UTF, Oppføring av bygg (tkl 1)

Føretaket har ansvar for at plan- og bygningslova sine krav vert oppfylt og dokumentert innanfor ansvarsområdet, jf pbl § 23-3, 2. ledd. Ansvarsretten til Milco AS gjeld i tillegg til allereie godkjente ansvarsrettar gjennom vedtak i delegert sak 40/2015.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til endring av tiltak godkjent i vedtak dagsett 28.4.2015 (DS-40/2015) for oppføring av skur og etablering av snuhammar som omsøkt på gbnr 22/251. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på vedlagt situasjonsplan og plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 12.1.2016. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisiell registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
teikningar

Kopi til:
Milco AS

Morten Landmark

Mottakere:
Prosjektstyring vest

Pb 66

5318

STRUSSHAMN